



**Ålfotbreen
verneområdestyre**

Møteinnkalling

Utval:	Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad:	Fjærland
Dato:	06.05.2025
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Tidsplan:

10.00 Formelt styremøte i verneområdestyret

11.30 Lunsj

12.00 Fagleg foredrag v/Pål Hage Kielland (fagansvarleg Norsk Bremuseum) om breane si utvikling og anna fagstoff som er relevant for Ålfotbreen

13.00 Kort omvisning/runde på bremuseet og den nye filmen (Panoramafilm og oppgradert klimautstilling tek ca 30 min totalt, deretter bruke resten av tida på å gå rundt i museet så lenge ein ynskjer).

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 11/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 12/25	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
RS 2/25	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3/2025		2019/10793
RS 3/25	Ålfotbreen landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 3/2025		2019/4056
ST 13/25	Ålfotbreen verneområdestyre - Planar om vindkraftverk i randsona		2019/7672
ST 14/25	Eventuelt		

ST 11/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 12/25 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/10793-27

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 02.05.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	2/25	06.05.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Forvaltar vikarierer i andre område

På grunn av sjukemelding og permisjon hos forvaltarane som jobbar i Aurland, so må vi andre forvaltarane tilknytt Statsforvaltaren i Vestland steppe inn som vikarar no ein periode. Fleire av oss er involvert og bidreg der, og eg jobbar derfor ein del med Nærøyfjorden for tida. Det er ganske hektisk og krevjande, og det er ikkje til å unngå at det har gått litt ut over oppfølginga av enkelte arbeidsoppgåver i Ålfotbreen. Dette gjeld først og fremst tiltak.

Helikoptersøknad frå Mastiff

I førre møte handsama styret søknad om helikopterlandingar frå Mastiff, og utsette saka. Forvaltar har vore i kontakt med Mastiff og forklart styret sitt syn, og kva dei burde tenke på i ein ny søknad. Mastiff har meldt tilbake at dei vil gå vidare med planlegginga av produksjon, men utan å lande inne i verna natur.



Arkivsaksnr: 2019/4056-31

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 02.05.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/25	06.05.2025

Ålfotbreen landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 3/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande, og kjem med eventuelle føringar til det vidare arbeidet.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Ålfotbreen er tildelt 250.000 til tiltak no i 2025. Vi har fem tiltak på lista, men berre tre av dei er godkjent no i første omgang. Dei to siste krev avklaringar og meir konkrete planer før vi kan bruke tiltaksmidler på dei.

I tillegg har vi 50.000 til grunnstøtte drift.

Status

1. Rydde skog langs skogsvegen i Hope.

Arbeidet er bestilt frå Bygdeservice.

2. Rydde og merke stiar i Nordalsfjordområdet.

Forvaltar har vore i kontakt med Flora turlag som tek eit visst ansvar for organiseringa. Det er aktuelt med same opplegg som i fjor, der lokale ungdommar gjorde jobben gjennom eit lokalt firma.



3. Hamna på Mettenes

Her er det snakk om å gjere ferdig «innmaten» i hamna, slik at det er enkelt for båtar å legge til, folk kan kome seg i land og mindre båtar kan ligge i hamna ei stund (eksempelvis ein dag eller over ei natt).

Forvaltar har vore i kontakt med grunneigar og eigar av hamna, Martin Mettenes. Mettenes er positiv til avtale, men vil prioritere anna arbeid i 2025. Vi ser derfor for oss å lage ein plan for arbeidet og skrive avtale i 2025, og deretter gjere sjølve jobben i 2026.

4. Tilrettelegging i Førdedalen

Her har det ikkje skjedd noko. Det har ikkje kome noko meir initiativ frå grunneigarane, og det har heller ikkje blitt gjort noko frå sekretariatet si side i år.

5. Infoskilt i Florø

Vi har skilttavle på lager, og vi har plakat på lager. Vi har og tenestekjøpsavtale med aktørar som kan montere skilt. Eg ser for meg eit samarbeid med Kinn kommune der kommunen kan peike ut ei ønska plassering og helst og få dei formelle tinga på plass (helst kommunal grunn?). I so fall vil det vere fort gjort for oss å iverksette.

Vi har og planer om å gjere nokre tiltak på brua ved Skarvevatnet som vi reparerte i fjor haust. Martin Mettenes har sett til brua no i vår og gjort den farbar før sesongen, men vi skal likevel opp ein tur og forankre den betre. Det blir finansiert av grunnstøtte drift.

Forbruk av midlar

Det er til no ikkje betalt ut noko av dei tildelte tiltaksmidlane.



Arkivsaksnr: 2019/7672-6
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 02.05.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	13/25	06.05.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - Planar om vindkraftverk i randsona

Innstilling frå forvaltar

Ingen innstilling frå forvaltar i saka.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Energiselskapet Zephyr AS, som mellom anna driv vindkraftverket på Guleslettene, har planer om å utvide anlegga sine i området. Dei har lansert planer om å bygge fleire vindturbinar på fjella Myklebustfjellet, Handkletua og Ramsskredfjellet aust for dagens vindkraftanlegg på Guleslettene. Ramsskredfjellet ligg 4-5 km frå grensa til Ålfotbreen landskapsvernområde.

Saka er ikkje sendt ut på offentlg høyring enno, men Bremanger kommune har gjeve grønt lys for oppstart av planarbeid.

Handsaming i formannskapet i Bremanger:

https://bremanger.kommune.no/tenester/politikk-og-innsyn/politikk/moteplan/#/details/m-0baea8f5_defa_4603_b396_17b5d409cf0e-5556!FPLgII/d-0baea8f5_defa_4603_b396_17b5d409cf0e-2022046347!m-5556!uUifwF

Nettsak i Firda (krev abb.):

[Vindmøller, Zephyr | Tilrår å godkjenne planarbeid for ny vindmøllepark](#)



Verneområdestyret si rolle og mandat i saker utanfor verneområdet

Verneområdestyret er forvaltningsstyresmakt innanfor verneområdet og har formell mynde der. Styret har ikkje mynde og dermed ingen automatisk formell rolle i saker som ligg utanfor grensa til verneområdet.

Miljødirektoratet har likevel tidlegare slått fast at verneområdestyra kan engasjere seg i alle saker som kan ha innverknad på verneverdiane. Og at det til dels vert forventa at styra engasjerer seg i slike saker, til dømes som høyringspart. Inngrep i landskapet som er godt synleg frå verneområdet, og særleg frå populære turmål og utsiktspunkt i verneområdet, er døme på slik påverknad.

Det er sjølvsagt opp til styret å bestemme kva for saker av denne typen ein ønskjer å engasjere seg i.

Handsaming i møte

Eit styremedlem har bedt om at saka vert sett på saklista og diskutert i styret. Styret bør i første omgang ta ein prinsipiell diskusjon om styret skal engasjere seg i saka, og i so fall på kva måte.

ST 14/25 Eventuelt